



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

IL Rein - Søknad om tilskot til løypemaskin

Vedlegg

- 1 05-25 Søknad løypemaskin IL Rein.pdf
- 2 06-25 Uttale samarbeid IL Rein og Haukeli skuterklubb

Dokument i saka

Bakgrunn

IL Rein, eit aktivt idrettslag lokalisert i Edland/Haukeli, Vinje kommune. Særleg er vinteraktiviteten stor med tilrettelegging for dei meir aktive, men og for dei som ynskjer å berre ha det moro og enkle turtilbod. Laget er og ein viktig sosial arena for flyktningar og ny innflytte, som styrkjer integreringa monaleg.

I tillegg til den lokale satsinga, er IL Rein arrangør for Haukelirennet. Dette er eit årleg profesjonelt turrenn på Haukelifjell. Om lag 140 friviljuge stiller på dugnad for å få gjennomført dette, og gjev laget kjærkomen god inntekt.

Søknaden syner ei opprømsing av det dei har gjort av oppgraderingar dei siste 6 åra. Eit utklypp frå søknaden ser slik ut:

IL Rein har i dei seiste 6 åra gjort vesentlege oppgraderingar ved hjelp av dugnad, spelemidlar og tilskot frå Vinje kommune. Her kan me nemne utskiftinga av 300 ljøs i ljøsløype til LED, ny ljøsløypetrase, nytt stadion område, skileik område med hopp og nytt skitrekk.

I 2019 blei det også investera i ei trakkemaskin som var ei 2015 modell til 1 500 000 kr, som blei fullfinansiera av IL Rein med eigenkapital og banklån. Dette var ei maskin med større bredde og sterkare motor slik at den kan trække både ljøsløyper, skileik område og at me også kan bruke den på høgfjellet når me klargjer og trakkar løyper til Haukelirennet.

Denne trakkemaskina byrjar no å bli kostbar å halde i drift, grunna slitasje og alder. Og dei ser det som naudsynt å investere i ny/nyare maskin om ein skal ha ein føreseieleg kostnad ved å halde fram aktiviteten.

Det er avhalde eit dialogmøte med dei andre idrettslaga og skuterklubbane i kommunen, for om mogleg få til eit samarbeid. Men det er såpass stor skilnad på behov at det er vanskeleg slik løypene er no.

IL Rein, søker difor om kr 1 500 000 i tilskot til kjøp av ei ny trakkemaskin, slik at dei kan halde fram det gode tilbudet til innbyggjarar og besøkjande. Finansieringsplanen under syner kor mykje det kostar og korleis det er tenkt finansiert:

Finansieringsplan

Pris NOK uten mva (Euro 11,7 kr)	3000000
Pris NOK ink mva (Euro 11,7 kr)	3750000
Egenkapital /Innbytte gammel maskin IL Rein	800000
DNB Sparebankstiftelsen	500000
Andre stiftelser	500000
Spelemidler utstyr NIF (max 300000kr)	300000
Vinje kommune	1500000
Kommunalt lån/banklån	150000
Balanse	0
Finansiering er basert på tilbud frå Antra på ein pris 254000 euro eks mva	

Vurdering

Det er inga tvil om at idrottslaga har ein stor plass i bygdesamfunna rundt om i Vinje kommune, så og i Haukeli/Edland området. Stor grad av dugnad og innsats frå friviljuge har gjort det mogleg å gje eit framifrå idrettstilbod til alle.

At dei no er i beit for tilskot, er heller ikkje overraskande då prisutviklinga i samband med den høge Euro-kursen, gjer det svært kostbart og investere i ny/nyare maskin. Dei har landa på ei litt mindre maskin, då dei vil spørje Haukelifjell skisenter om hjelp til Haukelirennet, men likevel er det stor kostnad som må finansierast.

Ved hjelp at støtte frå ulike stiftingar, spelemidler og stor egenkapital, kan ein greie å finansiere ei ny maskin dersom ein får omsøkt tilskot på kr 1,5 mill. frå kommunen. Det må lånast kr 150 000,- i tillegg for å nå heilt fram, syner oppstillinga.

Kommunedirektøren meiner idrettslaga er i særstilling den mest viktige aktiviteten ein har i bygdene, i høve til folkehelse, integrering, og sosiale arenaer. Det er òg viktig at ein får tinga desse maskinane og han vil difor rå til å løyve kr 1 650 000,- i tilskot slik at dei slepp å låne, men og forskotere heile kjøpet for at dei kan straks tinge maskina. Dei venta tilskota frå ulike stiftingar betalast attende til kommunen straks dei er tilgjengelege.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje Kommune løyver kr 1 650 000,- i tilskot, men forskoterer heile kjøpesummen på om lag kr 3 750 000,- som vert betalt attende straks dei ulike tilskota frå dei ulike stiftingar, spelemidlar og ev refusjonen av mva, er mottekne av idrettslaget. Indekning frå næringsfondet.